

Vekeplan 1.trinn

Lye Skule



Veke 35

Dette arbeidar me med:	
Norsk	Les og skriva bokstavane: i og s
Matematikk	Sortera figurar etter farge og form
Engelsk	Helsa Good morning og How are you today?
Sosialt	Bli godt kjende med kvarandre

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1. økt 08.30- 10.00	Leik Samling Norsk	Leik Samling Norsk	Leik Samling Norsk	Leik Samling Norsk	Samling Kroppsøving i hallen
2. økt 10.15 - 11.30	Uteskule Mat	Matematikk Mat	Matematikk Mat	Matematikk Mat	Stasjonar Mat
3. økt 12.00 - 13.00	Uteskule 	Uteleik 		Kunst og handverk 	Stasjonar
4. økt 13.10 - 14.10	Uteskule 			Leik 	

Eit utgangspunkt, endringar kan koma.

Til heimen:

Uteskule: Fram til haustferien vil me ha uteskule kvar måndag. Då er me ute mange timar, og det er viktig at elevane er kledde etter veret. Denne veka går me til Lerkeskogen ved Stølslæga. Me går frå skulen 10.15 og er tilbake på skulen seinast 14.10.

Elevane må ha med seg:

- Tursekk (treng ikkje vanleg skulesekk denne dagen)
- Mat (vanleg niste)
- Drikke (ikkje saft) Dei som har bestilt drikke på skulemjølk får denne med.
- Klede etter veret (sjekk yr.no)
- Ekstra genser og eit par med sokkar
- Sitjeplate
- 2 plastposer til å bruke viss du blir våt i skoa

Lekser: Elevane får leselekse på ark (sjå i postmappa). Sjå på arket kva for ein dag dei skal gjera kva. Det er viktig at elevane les kvar dag og at de sit i lag med dei. Bruk lyden til bokstaven, ikkje namnet på bokstaven når eleven les. Me vil forklara meir på foreldremøtet.

Bli kjent samtalar: Det vert ein kort samtale mellom foreldre/føresette og kontaktlærar i veke 36. Me sender ut invitasjon på Visma.

Foreldremøte: Vel møtt til foreldremøte tysdag 8.september 18.00-19.15 på personalrommet. Foreldrekontaktane møter 17.30 for å planleggje sosialt årshjul for trinnet.

Lekser:

Til tysdag:	Til onsdag:	Til torsdag:	Til fredag
Leseark SI	Leseark SI	Leseark SI	Leseark SI
Les oppg. 1a og 1b høgt saman med ein vaksen 3 gonger.	Les oppg. 2 høgt saman med ein vaksen 3 gonger. Gjer oppg 3a og 3b.	Les oppg. 2 høgt saman med ein vaksen 3 gonger. Gjer oppg 4a og 4b	Les oppg. 2 høgt saman med ein vaksen 3 gonger. Gjer oppg. 5

